

MØTEBOK

Organ	Vestlandsrådet
Møtestad	SAS Bryggen Hotel, Bergen
Møtedato	26.02.2010
Kl.	1000

Faste medlemmer til stades:

Olav Bratland (H, Møre og Romsdal)
Jon Aasen (Ap, Møre og Romsdal)
Tom Tvedt (Ap, Rogaland)
Ola Ingvaldstad (Frp, Rogaland)
Jarle Braut (V, Rogaland)
Janne Johnsen (H, Rogaland)
Torill Selsvold Nyborg (Krf., Hordaland)
Gisle Handeland (Ap, Hordaland)
Mette Homefjord Olsen (SV, Hordaland)
Tom-Christer Nilsen (H, Hordaland)
Terje Søviknes (Frp., Hordaland)
Nils R. Sandal (Sp, Sogn og Fjordane)
Åshild Kjelsnes (Ap, Sogn og Fjordane)
Mathias Råheim (H, Sogn og Fjordane)
Elin Merte Førde (Frp, Sogn og Fjordane)

Forfall til møtet:

Svein Atle Roseth (Krf., Møre og Romsdal)
Frank Sve (Frp., Møre og Romsdal)
Gunn Berit Gjerde (V, Møre og Romsdal)
Ellen Solheim (Krf, Rogaland)
Heidi Kathrin Osland (SV, Sogn og Fjordane)

Varamedlemmer til stades:

Randi W Frisvoll (Krf. Møre og Romsdal)
Ina Blindheimsvik (Frp, Møre og Romsdal)
Geir Toskedal (Krf. Rogaland)
Norvall Nøringset (SV, Sogn og Fjordane)
Det møtte ikkje vararepresentant for Gunn Berit Gjerde (V, Møre og Romsdal)

Til stades med tale-/framleggsrett:

Fylkesdirektør Ottar Brage Guttelvik, Møre og Romsdal
Fylkesrådmann Paul M. Nilsen Hordaland
Fylkesrådmann Jan Øhlckers, Sogn og Fjordane
Fylkesdirektør Terje Fatland, Rogaland
Sekretariatsleiar Trond Ueland

Sekretariat for møtet:

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Møtebok frå 1. desember 2009 vart godkjend utan merknader.

OPEN TIME:

Representanten Mette Holmefjord Olsen (SV, Hordaland) oppmodar om at det vert utarbeidd eit notat/brev til Kulturkomiteen for å orientera om filmmiljøet på Vestlandet m.m.

Leiar Olav Bratland (H, Møre og Romsdal) lovar at eit slikt notat/brev skal utarbeidast og at saka skal drøftast vidare i AU.

Tom Tvedt ber om at det vert gjort eit informasjonsarbeid i forhold til pressa. Pressa bør også inviterast på møta i Vestlandsrådet.

SAK 1/10

EU sin integrerte maritime politikk - oppfølging om kartlegging

VEDTAK:

1. Vestlandsrådet sluttar seg til framlegget om å få utarbeidd ei kort oversikt over det marine og maritime miljøet på Vestlandet.
2. Vestlandsrådet løyver inntil kr 200.000 for å kunne realisere ei kartlegging i tråd med saksframlegget.

SAK 2/10

Framlegg til samarbeidsavtale og reviderte vedtekter for Vestlandsrådet

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Vestlandsrådet vedtek samarbeidsavtalen slik den no ligg føre.
2. Vestlandsrådet vedtak ny plattform for Vestlandsrådet. Den nye plattformen presiserer nærare satsingsområda i samarbeidsavtalen.

Endringsframlegg:

Leiar Olav Bratland (H, Møre og Romsdal) sette fram slikt framlegg til nytt punkt 3:

- ”3. AU får fullmakt til å gjere mindre endringar i plattformen i samsvar med innspel under fellesmøte med fylkesutval den 25. februar 2010.”

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen og framlegget frå leiar Olav Bratland (H, Møre og Romsdal) vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vestlandsrådet vedtek samarbeidsavtalen slik den no ligg føre.
2. Vestlandsrådet vedtak ny plattform for Vestlandsrådet. Den nye plattformen presiserer nærare satsingsområda i samarbeidsavtalen.
3. AU får fullmakt til å gjere mindre endringar i plattformen i samsvar med innspel under fellesmøte med fylkesutval den 25. februar 2010.

SAK 3/10

EXPO 2010

VEDTAK:

1. Vestlandsrådet sender ein delegasjon til EXPO 2010 i Shanghai.
2. Vestlandsrådet finansierer fellesutgiftene til delegasjonsreisa. Utgifter til reise, kost og overnatting vert dekkja av deltakarane.
3. Vestlandsrådet meiner programframlegget for ei delegasjonsreise til Shanghai og EXPO 2010 er i samsvar med tidlegare drøftingar i rådet. Rådet ber AU gå vidare med å klargjere programmet, koordinere ein delegasjon, og avklare påmeldingar så snart det let seg gjere.
4. Vestlandsrådet inviterer med nærings- og samfunnslivsaktørar gjennom dei fire NHO avdelingane på Vestlandet og ber dei kontakte sine medlemsbedrifter.

SAK 4/10

Årsmelding og rekneskap 2009

VEDTAK:

Vestlandsrådet vedtek årsmeldinga og rekneskapet for 2009 slik den ligg føre.

SAK 5/10

Budsjett 2010

VEDTAK:

Vestlandsrådet vedtek budsjettet for 2010 slik det ligg føre.

SAK 6/10

Skriv og meldingar

1. Notat datert 09.02.2010 vedk. "Fagskoleutdanning i vestlandsfylka – konsekvensar av omlegging av statleg finansieringsordning."
2. Notat datert 09.02.2010 vedk. "Kort orientering "Ekspressbuss Vestlandet."

Orienteringsaker:

1. Kopi av brev til European Commission datert 12.12.2009 vedk. "Consultation on the reform of the Common Fisheries Policy."
2. Kopi av brev til Fylkesordførarkollegiet v/KS datert 05.01.2010 vedk. " Vestlandsrådet og oppfølging av det fylkeskommunale folkehelsearbeidet."
3. Kopi av brev til EU Commission datert 05.01.2010 vedk.;; "Support to the EU Commission's new initiative EU 2020."
4. Kopi av brev til LO regionkontor på Vestlandet datert 07.01.2010 vedk. " Invitasjon til møte om båt rute mellom Vestlandet og Newcastle."
5. Presentasjonar på møte med Nærings- og handelsminister Trond Giske 5. Februar 2010.